



Bakkejekta var i sommar på bytur som nesten enda i byn. Her er ei dagbok frå ein av mannskapet.

Ytre Steinsund, natt til 30. juni kl. 02.00

Det er herleg å liggje framme i botnen av Bakkejekta og høyre vatnet klukke mot skroget. Det er passeleg god bøl og ni karar er om bord. Vi småpratar, passar og justerer seglet. Ingen søv endå. Alle er spente på kor langt fram vi når før vinden snur. Vi har hatt god seglvind over Bufjorden og Lågøyfjorden, men værmeldinga har spådd dreining frå nord til søraustleg, og i så fall vil vi få han rett imot.

Gjestehamna på Byrknes, 30. juni kl. 09.30

Seglfolket lever eit lunefullt liv, i alle fall dei som skal gjere alt på gamlemåten. Vel ute i Sognesjøen stilna nordavinden av. Tidvis rodde vi Bakkejekta sørover, men utpå morgonkvisten gjekk høvedsmannen lei og starta den motoriserte gummibåten som hittil berre hadde lagt på slep bak. Mannskapet gav meg beskjed om ikkje å ta bilde av dette grelle synet – ein 8-fots Zodiac med påhengs som sleper det ektheitssøkande jektefolket. Vi tok inn til venstre (unnskyld, babord) til Byrknes for å legge oss til og vente på vinden og stelle oss litt. Det siste viste seg ikkje å vere heilt enkelt, for etter at vi hadde gjort skuta shipshape og presentabel på Ove sin kommando, laut vi gå ein halv kilometer til næraste enno ikkje morgonopne butikk for å finne eit tilgjengeleg toalett. Norge er truleg det einaste landet i Europa der ein slik plass, heilt ute på kysten, kan mangle ein fullblods marina.

Fedjefjorden, 30. juni kl. 17.30

Stemminga er relativt god når vi et Trøndersådd til middag om bord, sjølv om vi laut snu nordover att på grunn av motvind, sjølv om det florerer med vitsar av ymse kvalitet, og sjølv om kokken hadde feilberekna innkjøpet. Bergen vert stadig lengre unna, og det er usikkert kor tid vi når byen på denne turen i det heile. Vinden er lunefull, og slik har det nok vore under seglas med originaljekta også. Hadde vikingane hatt påhengsar, så hadde dei brukt dei, er kommentaren frå ein av mannskapet.

Fedjefjorden, 1. juli kl. 16.30

Vi er for segl igjen etter ein lang, roleg dag på Fedje. Etter ein fuktig kveld på den lokale kroa, slokna alle svært raskt i går kveld, to om bord og sju i leigd hytte på land. I dag har tre mann mønstra av for å rekke heim til arbeid måndags morgonen, mens dei resterande tok ein guida tur med den lokale bygdebokforfattaren (eit bekjentskap av underteikna og ein mann som i følgje Fedje sin ordførar burda hatt Nobelprisen i litteratur). Fedje er ei fin øy, men fasilitetane haltar noko. Det einaste matutsalet som var ope denne sundagen, var butikken som selde kvalkjøt. Sidan provianten elles var byrja å minke, blei eit viktig innslag i middagen difor velsmakande kvalpølse. No er vi under segl att, nordavinden er tåleg bra, og det ber sørover Hjeltefjorden.



Stødig navigering, her ved Asbjørn Igelkjøn og Arthur Boge

Herdla, 2. juli kl. 12.00

Vi ligg på Herdla og har fått første presse mannen om bord – ein utsending frå lokalavisa Askøyværingen. Mannskapet fortel ivrig om bygginga av båten og sjøeigenskapane, og vi understrekar at han må få med i reportasjen at vi ikkje er heilt fornøgde med infrastrukturen for båtfolket på Strilelandet. I dag tidleg var underteikna og Ove over til Meland for å proviantere, etter at dei siste brødsnivene gjekk under gårsdagens kveldsmat, ein tur som tok 2½ time.



Heller ikkje kulturentusiastane om bord i Bakkejekta klarar seg heilt utan motorhjelp i vindstilla. Underteikna ventar seg skjenn for å publisere slike bilete.

Det var etter at det stilna av i går kveld at vi la oss her på Herdla. Vi la oss til seks mann om bord og den sjuande i telt på kaien. Underteikna prøvde å liggje på taket av bakken, men måtte trekkje under seglet til dei andre då eg kjende regndropane i fjeset. Det kom ned noko vatn, men segl og presenning heldt oss tørre, og skyene dreiv forbi. No er vi spente på om vi klarer å komme nærare byen i austavinden som har teke seg opp i løpet av formiddagen.

Fensfjorden, 2. juli kl. 20.20

Vi nærmar oss heimlege trakter att. Det blei ikkje noko bytur denne gongen, men ein fin segltur likevel. Sjørausten tok oss nordover Hjeltefjorden og gjennom ei lang lei med trange sund og haugervis av stakar på utsida av Austrheim. Ved eitt høve laut vi krysse – eller *slå* som det heiter – for å komme forbi eit nes. Alle var gira for å sjå om det gjekk, og høgst konsentrert om oppgåva, og ikkje mindre fornøgde då vi kunne runde odden. Konsentrasjon kravde også navigeringa gjennom sunda, særleg sidan seglet sperra for synsrande til rormannen.



Rorskarane er ikkje redde for å ta eit tak. Her Bjarne Akse og Jofred Åsnes.

Utkikken framme ropa "litt babord" og "litt styrbord" heile tida, og rormannen kvitterte på ekte sjømannsvis så det ljoma mellom fjellknattane. Det er ein nokså anarkistisk styrt båt, trass i ein utpeika høvedsmann for kvar dag, med heftige diskusjonar om kva som er rett og feil seglføring og manøvrering. Men stemninga er god når vi no kryssar fjorden over til fjordfylket, der vi endar opp einkvan staden i Gulen for natta. Og der endar også mi deltaking på ferda med avmønstring, mens den hardaste Bakkejektakjernen held fram seglturen nokre dagar til.

6982: Gaute Losnegård

Artikkelen stod i bygdeavisa "6982", nr. 3/2007, attgjeven med løyve frå forfattaren. 6982 er ei uavhengig bygdeavis for distriktet langs nordsida av Dalsfjorden frå Eikenes til Helle. Du kan tinge avisa ved å kontakte gaute.losnegard@enivest.net.